



Jnr. 1174.12

Gjg

Samferdsledepartementet

Postboks 8010 dep.

0030 Oslo

Att: Samferdsleminister Magnhild M. Kleppa

KS1 AKSDAL – BERGEN – høyring Fagetatane sitt framlegg til NTP

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i møte 25.mai drøfta prosessen kring høyringa på Fagetatane sitt framlegg til Nasjonal Transportplan 2014-2023. Høyringsfrist for fylkeskommunane er sett til 30.juni d.å.

For utvikling av Sunnhordland, Hordaland og Vestlandet er realisering av ein ferjefri kyststamveg mellom Bergen og Stavanger heilt sentralt. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ikkje teke stilling til val av trase, men vil avventa dette til KS1 føreligg. Difor er Samarbeidsrådet sterkt uroa over at KS1 enno ikkje er lagt fram.

Det vart sagt at KS1 skulle føreligga kring årsskiftet 2011/2012. Når så ikkje vart tilfelle, vart KS1 forventa ferdig innan utgangen av februar.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at det er sterkt beklageleg at KS1 ikkje føreligg enno, og at vår uttale til Fagetatane sitt framlegg til NTP må gjevast utan at me kan ta stilling til trase, og å kunna fremja dette alternativet i vår uttale til Hordaland fylkeskommune.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber difor om at frist for vår uttale vedrørende den delen som gjeld E39 i høyringa til fagetatane sitt framlegg kan koma etter at KS1 føreligg.

Me ser fram til å motta KS1 i månadsskiftet mai/juni.

Sunnhordland, 30 mai 2012

Liv Kari Eskeland
Styreleiar

for Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar